

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for oppvekst og omsorg
Møtestad: Kommunehuset
Møtedato: 05.02.2008 **Tid:** 15.00-17.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

Inge Aasgaard

I staden møtte:

Sven Tore Kulleseid

Andre som var tilstade på møtet: Johannes Tysseland i sak 03/08 og ass.adm.sjef Våge
Under heile møtet.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 6. februar 2008

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tilleggssak sak 03/08: Slektssoge for Samnanger, val av trykkeri – finansiering og bokpris.
Sak 03/08 vart handsama før 01/08.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Ingen innlegg.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Status Gjerde barnehage - ass.adm.sjef orienterte om at bygginga går som planlagt og at personalet er med i detaljplanlegginga.

Legesituasjonen – ass.adm.sjef orienterte om at vikarlege er på plass og at eininga vil i løpet av februar tilsette ny lege.

Nils Andersen er kontakta i samband med sitt lesarinnlegg i Samningen, der han hadde problem med å få vaktansvarleg lege i Fusa til å rykke ut til pasient i Samnanger. Andersen er oppmoda om å kome med skriftleg klage til kommunen slik at episoden kan handsamast som klagesak.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/08	07/00022 BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011
0002/08	08/00001 HØYRING - ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA VEDK KRL- FAGET
0003/08	03/00132 SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER. VAL AV TRYKKERI

0001/08

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN FOR SAMNANGER KOMMUNE 2008 - 2011**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Nils Gåsadal sette fram følgjande framlegg:” Oppvekst og omsorg tilrår at plan for Bustadsosial handlingsplan vert godkjent med følgjande merknad i delmål 2; kompetanse på bustadrådgeving må aukast.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Oppvekst og omsorg tilrår at plan for Bustadsosial handlingsplan vert godkjent med følgjande merknad i delmål 2; kompetanse på bustadrådgeving må aukast.

0002/08

HØYRING - ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA VEDK KRL-FAGET**Framlegg til vedtak::****Handsaming i møte:**

Krf v/Sven Tore Kulleseid og Høgre v/Eva Hellevang sette fram følgjande høyringsuttale frå Samnanger kommune:

- ”Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig langt i høve til domen i den Europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusere kristendommen sin plass i faget.
- Samnanger kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydeleg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendomen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
- Det er ingen grunn i høve til domen i å problematisera at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega og pregar landet mest.
- Kristendomen har vore og er grunnlag for norsk lovgjeving og rettsforståing. Norsk ungdom treng difor bli kjent med både det moralske og etiske grunnlaget som ligg i kristendomsfaget.”

Trude Løvskar (BL) sette fram følgjande framlegg: ”Set fram framlegg liklydande det høyringsframlegget som er lagt fram frå departementet vedk. endring i opplæringslova om KRL-faget.”

Det vart røysta alternativt over framlegga.

Framlegget frå Løvskar fekk 1 røyst og framlegget frå Krf/Høgre fekk 6 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

- Det er viktig at alle fag i skulen er i samsvar med Menneskerettserklæringa.
- Det kan verka som regjeringa går unødvendig langt i høve til domen i den Europeiske Menneskerettsdomstolen, når det gjeld å redusere kristendommen sin plass i faget.
- Samnanger kommune meiner lov og føreskrifter om faget tydleg bør innehalda formuleringar som gjev grunnlag for at kristendomen, som har prega vårt land si utvikling og kulturgrunnlag dei siste tusen åra, framleis kan stå i ei særstilling i skulen si undervisning.
- Det er ingen grunn i høve til domen i å problematisera at eit land sin skule gjev ein kvantitativ grundigare innføring i den religionen som historisk og kulturelt har prega og pregar landet mest.
- Kristendomen har vore og er grunnlag for norsk lovgjeving og rettsforståing. Norsk ungdom treng difor bli kjent med både det moralske og etiske grunnlaget som ligg i kristendomsfaget.

0003/08

SLEKTSSOGE FOR SAMNANGER. VAL AV TRYKKERI

Framlegg til vedtak::

Handsaming i møte:

Utvalet kom fram til følgjande fellesframlegg;

1. Oppvekst og omsorg tilrår å trykke slektssoga i eit opplag på 2000 eksemplar frå Åsane grafiske til kr. 227.000 eks. moms. Kommunen forskotterar utgiftene frå disposisjonsfondet. Salsinntektene vert inntektsført fortløpande tilbake til disposisjonsfondet.

2. Oppvekst og omsorg vedteke ein pris på kr. 400,-. pr. slektssoge.
Det vart røysta over begge punkta , som vart samrøysta vedteke.

Vedtak:

1. Oppvekst og omsorg tilrår å trykke slektssoga i eit opplag på 2000 eksemplar frå Åsane grafiske til kr. 227.000 eks. moms. Kommunen forskotterar utgiftene frå disposisjonsfondet. Salsinntektene vert inntektsført fortløpande tilbake til disposisjonsfondet.

2. Oppvekst og omsorg vedteke ein pris på kr. 400,-. pr. slektssoge.